

Saksbehandlar: Eva Moberg, Kulturavdelinga  
Sak nr.: 15/8016-3

## Medlemskap i Norges Verdensarv

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune teiknar medlemskap i «Norges Verdensarv».
2. Årleg medlemskontingent, kr. 20 000,-, vert dekkja innafør budsjetttramma til hovudutval for kultur.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Invitasjon til medlemskap i Norges Verdensarv

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn

Kommunar og fylkeskommunar med verdsarv innafør grensene sine er inviterte til å teikne medlemskap i eit nasjonalt nettverk av verdsarvstader kalla «Norges Verdensarv»,  
[www.norgesverdensarv.no](http://www.norgesverdensarv.no)

Noreg har 8 stader på verdsarvlista. I Sogn og Fjordane er Urnes stavkyrkje i Luster (1979) og Vestnorsk fjordlandskap i Aurland (2005) innskriver. I tillegg er kvernsteinsbrota i Hyllestad oppført på Noreg si tentative liste (2011) og nominert som kandidat for innskriving.

### 2. Organisasjonen Norges Verdensarv

Norges Verdensarv vart skipa i 2007 som eit nettverk for verdsarvstadene. Organisasjonen har som føremål å ivareta og fremje dei norske verdsarvstadene og verdsarvområda sine felles-interesser og bidra til bevaring og utvikling i samsvar med verdsarvkonvensjonen.

Årsmøtet vert kombinert med eit «Verdsarvforum» som er ein open konferanse som tek opp faglege, politiske og administrative saker som er viktige for verdsarven.

Frå 2014/15 vart Norges Verdensarv opna for medlemskap for kommunar og fylkeskommunar. I Sogn og Fjordane har Luster, Aurland, Lærdal og Vik teikna medlemskap. Årskontingenten for fylkeskommunane er kr. 20 000,-.

Av øvrige fylkeskommunar har til no 6 teikna medlemskap.

### **3. Fylkeskommunen si rolle i verdsarvarbeidet**

Klima og Miljødepartementet er øvste ansvarlege myndigheit for oppfølging av verdsarven i Norge. Riksantikvaren og Miljødirektoratet har det faglege ansvaret for å følgje opp verdsarvkonvensjonen

Som regional forvaltar av kulturminne og kulturmiljø har fylkeskommunen vore trekt aktivt inn i verdsarvarbeidet gjennom utarbeiding av forvaltningsplanar for verdsarvområda og gjennom deltaking i interimsstyret for Urnes stavkyrkje, i Verdsarvrådet for Vestnorsk Fjordlandskap og i interimstyret for vikingtidsnominasjonen (der kvernsteinbrota i Hyllestad inngår). I Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap og i interimsstyret for vikingtidsnominasjonen er fylkeskommunen og kommunane representerte med politisk deltaking. Interimstyret for Urnes stavkyrkje vert leia av ordføraren i Luster og består i tillegg av representantar frå administrativt nivå.

Fylkeskommunen fordeler også statlege tilskot til restaurering av kulturminne innafor verdsarvområda Vestnorsk Fjordlandskap og kvernsteinsbrota i Hyllestad. Tilskot til Urnes stavkyrkje vert handsama direkte av Riksantikvaren.

FU har uttalt seg om utkast til «Ny heilskapleg verdsarvpolitikk» i FU-sak 88/12. Verdsarvpolitikken er nedfelt i St.meld. nr. 35 (2012-13) «Framtid med fotfeste».

### **4. Vurdering av medlemskap i Norges Verdensarv**

Kommunane som representerer Urnes og Vestnorsk Fjordlandskap har teikna medlemskap i Norges Verdensarv. Dette gjev eit klart signal om kommunane sitt engasjement kring forvaltning, formidling og utvikling av verdsarvverdiane i fylket. Likeeins at dei ser behov for ein felles arena for å fremje dei norske verdsarvstadene sine felles interesser.

Fylkeskommunen har ei viktig rolle som støttespelar for kommunane i deira lokalsamfunnsarbeid. Verdsarvområda er viktige både for fylkeskommunen og kommunane som natur- og kulturmiljø, i arealplansamanheng og i nærings-/reiselivsamanheng. Med to, kanskje snart tre, område på verdsarvlista, er Sogn og Fjordane i ferd med å ta ein posisjon som «verdsarvfylke» .

### **5. Konklusjon**

Fylkeskommunen brukar alt ein del personalressursar inn mot verdsarvarbeidet i fylket.

Ut frå ei samla vurdering meiner fylkesrådmannen at teikning av medlemskap er viktig for vidare fremjing og utviklinga av dei regionale og lokale interessene knytt til verdsarvverdiane i Sogn og Fjordane, innafor ramma av en felles heilskapleg verdsarvpolitikk.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)